

## 350 på påskedansen i natt

28.03.2013



Rundt rekna 350 svinga seg i påskedansen med Gunslingers på Dønhauglåven i natt. Det bør Magne Huglen vera fornøgd med når ein veit at det kjem ein påskedans til på den same staden i Festidalen sin regi på laurdag. Gunslingers har utan tvil utvikla seg atskillig sidan det spela for fullt hus i låven i påsken for 4 år sidan og det er grunn til å ha forventningar til deira cd nummer 4 som kjem dette året.



Men bandet skyt ikkje så skarpt som landets mest skarpskodde popcountryband sjølv om namnet vel kan omsetjast med Revolvermennene. Det er noko monotont over repertoaret. Men ein får registrera det som positivt at tekstane har Hardangerkoloritt. Frode Måkestad som frontar bandet har skreve dei fleste av dei.

Den fyrste påskedansen i bygda i år må registrerast som ei positiv oppleving også fordi det var så god oppvarming i låven. Det var ikkje naudsynt å dansa seg varm. Og så kunne ein rusla heim i strålande måneskin!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

